

SIDE 4–5

## MIRAKELET I MARSEILLE



SIDE 27

## SUNN MAT TIL RETT TID



SIDE 29

## MERKEVARE FOR REGIONEN

REMA 1000

# HANDBALL FESTIVALEN

STORD 17. - 20. MAI 2024




## FÅ MED DEG FESTIVALTOGET PÅ LAURDAG KL 11.15

PROGRAM SIDE 18

## Kjenn spelargleda som boblar i kroppen

# Velkomen til tidleg pinse på Stord!



**PINSEN I ÅR** fell saman med 17. mai, og soleis kom også Rema 1000 Handballfestivalen litt tidleg i forhold til tidlegare år - me vonar at vêrgudane vert på vår side i år. Handballgruppa i Stord idrettslag er som arrangør stolt over kontinuiteten i arrangementet vårt og me vonar at alle deltakarar, leiarar og andre besøkjande får ein svært positiv oppleving på Stord i pinsen.

Om lag 2.500 gjester kjem frå Rogaland og Vestland sjølv om 17. mai er ein del av pinsehelga i år, det er me svært takksame for.

**NOKRE KJEM TIL** Sommarøya på kvelden 17. mai, medan andre kjem laurdagsmorgon meir eller mindre rett til festivaltoget.

Me gjer vårt beste for at alle skal ha eit bra opphald på Stord og at de sitt att med mange gode minner når de reiser heim.

**ME GLER OSS** til kampar, diskotek, konsert hos Aker Solutions i samband med Sail Away for Johan Castberg FPSO og mykje meir i denne innhaldsrike helga.

**FOR AT REMA 1000 HANDBALLFESTIVALEN** skal kunne avviklast, er me avhengige av mange friviljuge. Alle medlemma og føresette i klubben vår stiller opp og jobbar masse dugnad denne helga – faktisk langt over 3.000 timar!

Dette er ein fantastisk innsats eg som turneringsleiar er svært stolt over! I tillegg til eigne medlemmer så leiger me inn andre idrettslag og grupper som hjelper oss – noko me er avhengig av for blant anna å få nok vaktar på skulane.

**EG VIL TAKKA** NHF Region Vest for godt samarbeid rundt dommarane, og Stord kommune for godt samarbeid.

Ikkje minst vil eg retta ein stor takk til alle våre gode samarbeidspartarar som er med oss ikkje berre i pinsen, men gjennom heile året.

**TIL SLUTT VIL** eg ynskja alle lukke til med deltaking på Rema 1000 Handballfestivalen 2024!

Venleg helsing

*Bjørn Lindgård*

Leiar Rema 1000 Handballfestivalen

# Ordføraren helsar

## Velkommen til Stord!



**DET ER MED** glede eg for første gong som ordførar i Stord kommune ynskjer velkommen til Stord og Rema 1000 Handballfestivalen 2024. I år er det også eit lite jubileum; det er 35 år sidan festivalen vart arrangert for første gong av eldsjeler i handballmiljøet på Stord.

**MED 309 PÅMELDTE** lag er dette det største arrangementet på Stord kvart år. Som ei ekstra ramme i år fell pinsen saman med 17. mai, noko som set ein ekstra spiss på det heile. At næringslivet på Stord har stor aktivitet gir også moglegheiter. 18. mai arrangerer Aker Solutions gratiskonsert i samband med Sail Away for Johan Castberg FPSO, eg håpar mange tek turen dit.

**NÅR EG REISER** rundt i Vestland, møter eg mange som har tradisjon for å vera på Stord i pinsen. Nokon på hotell, andre på skular, i campingbilar og i båt i hamna. Alle viser til at det bygger familieband, glede og gode minner.

**EG SER FRAM** til fleire dagar med folkeliv i sentrum og på dei mange handballbanane. Alle som har vore på cupar rundt om i distriktet veit at kamp skapar entusiasme og engasjement. Kanskje like mykje på utsida av som inne på bana. Det viktig at foreldre og vaksne går føre som gode rollemodellar og aksepterer at det er lov å gjera feil - også av dommaren.

**FESTIVALEN HADDE IKKJE** vore mogleg om ikkje det var for alle dei frivillige, dei er uunnverlege. Dei er med å bygge samfunn. Tusen takk til dei som leiar, dei som bakar, dei som står i kiosk og alle dei andre som har ulike roller for at alle skal få gode opplevingar og skapa gode minner.

**EG VIL YNSKJA** alle lukke til! Eg håpar alle får nokre strålande dagar her på Stord.

Hugs fair play!

Sportsleg helsing

*Sigbjørn Framnes*

Ordførar

## Ta venene dine med deg og slepp jubelen laus

STORD HANDBALL

Festivalavisa er laga i samarbeid mellom Marknadsavdelinga i Mediehuset Sunnhordland og Stord Handball

Ansvarleg Stord Handball: RUNAR ØVREBØ

Ansvarleg Mediehuset Sunnhordland: TORSTEIN WATHNE SKIMMELAND

Grafisk produksjon og trykk: Sunnhordland Mediehuset

• GRATIS FOR ALLE • GRATIS FOR ALLE • GRATIS FOR ALLE • GRATIS FOR ALLE • GRATIS FOR ALLE •

# Johan Castberg Sail away-konsert

Laurdag 18. mai
18.30–21.15



## Julie Bergan!

## AwO!

## Hemmeleg artist!

**Denne sommaren vil Johan Castberg FPSO forlata Stord. Aker Solutions har ferdigstilt produksjonsskipet, og vil saman med Equinor og partnarar invitera deg med på å ta eit jallande farvel med ei heidundrande konsertoppleving!**



→ Konsertområde på nedre parkering ved velferdsbygget
→ Området opnar kl. 17.30
→ REMA 1000 Handballfestivalen stiller med salsboder
→ Alkoholfritt arrangement

Aker Solutions · equinor · petoro · vår energi

# SKAFFAR MANNSKAP TIL 3.500 DUGNADSTIMAR

**Dugnadskabalen til Gunnhild Lothe krev om lag 3.500 dugnadstimar for å gå opp. Det krev tolmod og presis planlegging over tid.**

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ

– Jobben med listene og planlegginga startar i god tid før jul.
Stord Handball har 25 lag og 450 medlemmar. Kvar familie må arbeide 10 timar dugnad.

– Fyrste jobben står i å skaffe oversikt over foreldre med spesialkompetanse som minibuss-sertifikat, helse og anna praktisk kompetanse.

– Deretter handlar det om å ta kontakt med dei ulike komiteane og høyre kva dei treng av mannskap. Her snakkar vi om kjøkken, servering, kiosk, rydding og ulike vaktar. Berre på kjøkken og kiosk går det 1200 timar.

Vi klarer heller ikkje å få nok timar blant våre eigne medlemmar. Difor må vi ut å leige av andre grupper i idrettslaget for å få dette til å gå opp med nattevakter på skulane, parkering og mykje anna.

Mange reiser og vekk i pinsen. Men da blir dei fort hanka inn til førebuingar av festivalen, seier Gunnhild Lothe med stålkontroll på Excel-ark.
Dugnadslistene lever alltid heilt inn og gjennom helgen. Frå dugnadskontoret i Nyhallen har ho eit vakent blikk på listene og får personell på rett plass til rett tid.

– Det er mange positive folk som stiller på dugnad og dei er ikkje vanskelege å be når vi ringjer. Men det krev god planlegging og oversikt for å ha kontroll, seier Gunnhild Lothe. I det daglege jobbar ho med økonomi på Midtfjellet Vindpark i Fitjar.

No er tobornsmora klar til mange timar med logistikk og kontroll. Dagane blir lange frå tidleg morgon til sein kveld for å halde styr på arbeidsgjengen som er på dugnad i pinsen.

– Det er tredje gang eg har denne jobben og eg gler meg til ny festival, seier Gunnhild Lothe.

No kan over 300 lag og 3.000 handballspelarar glede seg til handballfest i pinsen. Dugnadsgjengen er klare med smil og stil til å løyse alle oppgåver for tilreisande gjester.

## Gunnhild Lothe

**Født:** 18. juli 1976
**Familie:** To born
**Yrke:** Økonomi, Midtfjellet Vindpark
**Aktuell:** Dugnadssjef i Rema 1000 Handballfestivalen

**Sju kjappe:**
1. Grillmat eller skaldyr? *Skaldyr*
2. Favoritt ferieland: *Nederland*
3. Saft eller softis? *Softis*
4. Favorittdrikk? *Pepsi Max*
5. Lyttar på: *Alt*
6. Ser på: *Gode handballkampar*
7. Favorittlag i Premier League: *Ingen*





# FAKK STRØMTYVEN

med straum fra Haugaland Kraft.
Me hjelper deg å bruka mindre straum.

HAUGALAND KRAFT

hkraft.no

# TETT PÅ MIRAKELET I MARSEILLE

**Minna frå Stade Velodrome med 60.000 elleville tilskodarar på tribunen sit framleis godt planta i tidlegare landslagsspelaren Vidar Riseth.**

TEKST: RUNAR ØVREBØ

Det har gått 26 år sidan Egil Drillo Olsen styrte Noreg til siger over Brasil i Marseilles og skapte jordskjelv i fotball-VM. Det tok fullstendig av då Kjetil Rekdal skåra frå straffemerket tre minuttar før full tid, og Norge tok seg vidare i VM til åttandelsfinalen mot Italia.

– Vi følte på ein enorm lykkefølelse da det gjekk opp for oss. Vi var totalt utslitt etter å ha møtt verdens beste lag med stjerner som Ronaldo, Rivaldo, Bebeto og Cafu, seier Vidar Riseth. Trønderen spela ei viktig rolle på venstresida i det norske angrepet; løps- og taklingsterk med gode innlegg til Tore Andre Flo.

Kampen gjekk i ekstrem varme opp mot 40 grader i den sør-franske hamnebyen.

– Vi hadde eit ekstremt godt lag som reiste til VM med 36 kampar utan tap. I kampen mot Brasil starta både Erik Mykland og Ole Gunnar Solskjær på benken.

– Eg hugsar Egil "Drillo" Olsen sitt klare, men enkle bodskap. Fire meldingar var nok, gjorde vi det så kom Brasil til å slita. Egil fekk rett i spådommen til slutt, seier Vidar Riseth, som var med på å gjera Norge historisk.

Etter VM var Brasil ranket som nr. 1 og Norge nr. 2. Det trur eg aldri vi kjem til å oppnå igjen kjem det skråsikkert frå Riseth.

– Vi gjorde og eit tappert forsøk mot Italia. Det var små marginar som skilte oss frå billett til kvartfinalen.

**Tidenes kamp**

Men festen var ikkje slutt med det for Vidar Riseth.

Champions League-kampen borte mot Valencia var kanskje tidenes kamp for Nils Arne Eggen og Rosenborg.

– Vi slo først Valencia heime med 2-0 og det førte til sparking av trenaren.

– I bortekampen var Ronald Koeman som fersk trenar. Det brydde vi oss lite om, og spelte det spanske meisterlaget med David Silva og David Villa rett av banen. Heimepublikummet applauderte oss og bua på sine eigne, hugsar Riseth.

Ein av mange bragdar med RBK under leiing av legenda Nils Arne Eggen på benken. Det blei fem seriegull og fire cuppokalar.

**Trent av dei beste**

Vidar Riseth har prøvd det meste under trenarar som Nils Arne Eggen, Egil "Drillo" Olsen og ikkje minst Kenny Dalglish.

– Nils var ein ekstrem tøff trenar som kunne skjelle deg ut etter noter. Etter gode resultat ute i Europa kunne vi berre innstille oss på tøffe treningar med Eggen.

På treningsfeltet var han som eit villmann, men snill og omtenksam utafor banen. Eg opplevde mange telefonar på kveldstid der vi lufta ut på ein god måte.

Eg hugsar spesielt ein episode det gjekk hardt føre seg.

Orda hagla slik som at om du ikkje skjerpe deg Riseth så kan du berre dra rett heim til Frosta og pitla potet!

Slik var det berre, og så kom forsoninga på telefon seinare på kvelden.

Nils la lista for seg sjølv høgt og var klar i talen om at det som funkar bra i den norske serien ikkje heldt ute i Europa. Difor var han nådelaus for å halde oss på tå hev. Eggen var som Pep Gardiola og Klopp i dag. Han var energisk både i trening og kamp.

– Vi dyrkar kanskje for mykje snillisme i dag. Skal vi opp og fram må krava vera tøffare.

**Kva med Drillo?**

Heilt annan type, men tydeleg i kva han ville med laget sitt og "Drillofotballen". Egil var flink å få ut det beste i kvar spelar. Han klarte og å balansere og å ikkje sjå på troppen sin som A4-spelarar.

Ein kunne ikkje behandle Kjetil Rekdal på same måten som Erik Mykland.

– Skulle Erik Mykland trivast på samling eller før kamp måtte han ofte få tid for seg sjølv i olabukse og rusle ned på kafeen, ta ei cola og spele litt biljard. Da fekk vi Mykland i godlaget.

Under Egil blei eg omskulert frå rein forsvarspelar til venstreving på landslaget.

Henning Berg skulle slå langt til meg. Eg hadde styrken i luftrommet, var taklings- og løpssterk og skulle få ballen raskast mogleg fram til Tore Andre Flo. Ei enkel oppskrift som gav suksess i 1998 under VM.

**Kjøpt av Kenny Dalglish**

I 1998 var Vidar Riseth stjerne i den austerriske klubben LASK Linz.

Det var før Liverpool-legenda Kenny Dalglish la 48 millionar på bordet for å hente Riseth til Celtic og skotsk fotball. Dalglish var lite på treningsfeltet. Han var manager og kjøpte inn spelarar.

– Han ordna kjøpa og sette saman laget beståande av John Barnes, Chris Sutton og Henrik «Henke» Larsson. Vi skulle spele "one-touch fotball". Det gjekk dårleg. Men så oppdaga Celtic at vi kunne spele meir direkte, som Drillo. Vi vann 21 av 22 kampar og blei cupmeister det året.

– Det var stort å skåra det avgjerande målet på Hampden Park med 50.000 elleville skottar.

**Med Rekdal og «Myggen» på laget**

Vi held framleis kontakten. Kjetil møter eg i VG-studio og kommenterer kampar.

Kjetil hata å tapa. Spelte kort heile vegen og mykje tøys og tull. Men på banen og i trening var det blodig alvor. Han var den sjølvskrivne kapteinen som gjekk føre og han naut stor respekt i heile spelargruppa på landslaget.

Erik "Myggen" Mykland spela eg saman med i seks år, tre år i Austerrike og tre år i Tyskland.

Kort sagt han var ein trollmann med ball. Ingen leste spelet så godt som han. Men han trengte litt anna opplegg for å yta sitt beste. Det forstod Drillo og gjorde han til ein sentral spelar på landslaget

Etter sju sesongar som proff i utlandet både i Austerrike, Tyskland, England og Skottland så veit Vidar Riseth godt kva som møter unge norske talent som draumar om kontrakt med Liverpool, Arsenal, Manchester City og andre europeiske storklubbar.

– Ha is i magen sjølv om agentane bankar på døra og vil ha dei over i akademiar. Det er få som har lukkast som heilt ung spelar. Kanskje berre John Arne Riise. Haaland og Ødegaard har tatt steg gjennom fleire klubbar.

Til unge som reiser ut er det viktig å vite at det ofte blir tatt opp 50 unge talent kvart år. Men at det berre er ein av desse som tar steget opp på førstelaget. Difor er det mange som returnerer frustrert attende til Norge. Så mitt klare råd: bli lengre i eliteserien så vil tida komme om du er god nok.

**Ny karriere**

Vidar Riseth er utdanna røyrleggjar før fotballeventyret starta for fullt. Men sidan han la fotballskoa på hylla har det blitt eigedomsutvikling og diverse anna. Men dei siste dryge tolv åra har trønderen vore tett knyta opp mot Reitan-familien som landsdekkjande sponsorsjef for Rema 1000.

**Mange henvendingar**

Sponsorsjefen har travle dagar og mange reisedøgn, men er busett i Oslo, nærmare bestemt Bygdøy.

– Kvar veke er det opp mot 100 henvendingar om støtte og frå ulike lag og foretningar.

I dag er vi hovudsponsor for dame- og herrelandslaget og Rema 1000-ligaen både på dame- og herresida. Vi skal serve alle landskampane med både mat og drikke. Rigge «Fan Zone» og kunne stille opp med 4.000-5.000 måltider. Som sagt det er ikkje berre logo. Her går det i frukt og grønt og sunn mat rundt store og små arrangement. Her spelar vår spesialbygde «food-truck» på over 20 meter hovudrolla. I denne bussen, som er spesiallaga i Danmark, finn du det meste.

– Akkurat no er den på ein 93 dagars turne og i pinsen blir den å finna på Stord, lovar sponsorsjefen. Den vil vise godt att i festivalområde.

– Men vi støtter ikkje berre landslag og eliteserie. Vi har bredde og berekraftig satsing i vår visjon. Difor har vi teke ansvar for 100 handballskular, der blant anna Sander Sagosen blir nytta som inspirator. Rema 1000 har og ansvar for Hjerteligaen, her handlar det om glede og samhald, der gutar og jenter med ulike behov spelar på same lag.

**Gler oss til festival**

Vi gler oss til å stille opp for Rema 1000 Handballfestivalen. Sponsorsjefen har høyrt mykje fint om festivalen på Stord.

- Difor var vi ikkje i tvil at vi går tungt inn i denne festivalen dei tre neste åra.

Riseth sjølv vil være med på opninga på torget og lover rock ´n roll og "Levva Livet" av Åge Aleksandersen.

– Det skal vi fikse, lovar sjefen sjølv.

Da er det berre å møte opp på torget og ta del i opningsseremonien saman med 3.000 andre festkledde barn og ungdom.

## Vidar Riseth

**Født:** 21. april 1972, Frosta
**Familie:** Gift to barn (24 og 21 år)
**Bur:** i Oslo, Bygdøy
**Yrke:** Tidlegare fotballproff, no sponsorsjef i Rema 1000
**Titlar:** Fem seriegull og fire cupgull med Rosenborg, cupmeister med Celtic
Vinnar av Kniksen-prisen i 2003 for beste forsvarspelar
52 A-landskampar for Norge, fire mål
Spela alle kampane for Norge under Fotball-VM i Frankrike i 1998.
**Aktuell:** Opnar av Rema 1000 Handball-festivalen på Stord.

**Tidlegare klubbar:**

| | |
|---|---|
| -1991 | Neset |
| 1992-1993 | Rosenborg |
| 1994-1996 | Kongsvinger |
| 1996 | Luton |
| 1996-1998 | LASK Linz |
| 1998-2000 | Celtic |
| 2000-2003 | 1860 München |
| 2003-2007 | Rosenborg |
| 2007-2009 | Lillestrøm |
| 2009-2010 | Strømsgodset |
| 2010 | Kongsvinger |
| 1997-2007 | Norge 52 A-kampar 4 mål |

**Sju kjappe**

1. Grillmat eller skaldyr? *Skaldyr*
2. Favoritt ferieland? *Frankrike*
3. Saft eller softis? *Softis*
4. Cola, Solo, Pepsi eller anna? *Vatn*
5. Lytte på: *Coldplay*
6. Ser på tv, seriar? *Dokumentar «Drive to survive» (Formel 1)*
7. Favorittlag i England: *Liverpool*






Ung og aktiv

Send inn innlegget ditt




Har du born som driv med kultur, sport eller friluftsliv? Eller er du leiar for korps, kor, idrettslag eller andre aktivitetar for barn og unge?

**AMFI Stord** | amfi.no/amfi-stord

**Pinseaftan laurdag 18. mai**

**10–16**

**Burger King**
18. mai
**10–20**
17., 19. og 20. mai
**12–18**

**Keiser Restaurant**
18. mai
**11–19**
17., 19. og 20. mai
**13–19**

✓ Over 40 butikkar under same tak ✓ 3 serveringsstadar
✓ 2 timar GRATIS parkering ✓ 500 parkeringsplassar ✓ GRATIS WiFi



AMFI

**Treng du røyrleggjar?**



Kontakt oss i
Rør & Handverk Service AS
Tlf. 53 41 44 34
Vakttelefon: 412 28 021
post@rhs.as
FØLG OSS PÅ FACEBOOK
• RØR • VENTILASJON • GASS • BESLAG • VARMEPUMPE • REHABILITERING AV BAD

RØRLEGGERMESTER
JARLE OLSEN
**Rørleggeren på Stord**
Knosterneset 1- Tlf. 916 55 605
Mail: post@jarleolsen.no - www.jarleolsen.no

Montér®
NÅR RESULTATET TELLER




ECIT Stord
– Vi gjør regnskap enklere!

ECIT Stord er eit leiande selskap i Sunnhordlandsregionen innan rekneskap- og økonomitenester, med historie tilbake til 1978. Som rekneskapsfører tar vi oss av alt fra A-Å. Rekneskapet er ditt viktigste styringsverktøy, og vi sørger for at du får den oversikten du treng. Ved å kombinere IT og økonomi gjer me det enklere for våre kunder å drive ei framtidsretta bedrift. Saman finn vi gode løysingar tilpassa din bedrift.

Kontakt oss for eit uforpliktande tilbud



Liv Marit Børve
Mob: +47 469 79 511
E-post: lborve@ecit.no



Marte Eldøy Ottesen
Mob: +47 469 79 505
E-post: mottesen@ecit.no

Regnskap
Lønn
Rådgivning
Årsregnskap




SOMMARØYA STORD

Almaas Hotell Stord
Tlf. 53 40 99 99




På Diabeteslinjen får du svar på spørsmål av erfarne veiledere. I tillegg til norsk svarer vi også på flere andre språk.

**Kontakt Diabeteslinjen hverdager fra 9.00–15.00**

diabetesforbundet
diabetes.no/linjen




**Stolt sponsor**
Leirvik AS har lang tradisjon for å gje tilbake til samfunnet gjennom støtte til ulike lag, organisasjonar og foreiningar som driv med kultur, idrett og aktivitet.

**https://leirvik.com/contact/sponsor/**

Bakeriet Frugård

treffstaden
i Leirvik sentrum

Velkommen!

Tlf. 534 10 534 – www.frugard.no



Skriv noe i dag
som betyr noe i morgen

Ved å skrive testament sikrer du at dine verdier fordeles slik du ønsker.
Få hjelp til å komme i gang på DetGodeTestament.no

DET GODE TESTAMENT




**Det er me som er din lokale straumleverandør på Stordøya**

Fitjar Kraftlag SA er eit lokalt energiselskap. Me bidreg til lokal og regional verdiskapning gjennom vårt selskap.

Som kunde hjå oss er det mykje å gle seg over: Me lovar konkurransedyktige prisar og enkle oversiktlege avtalar på straum **til private og bedrifter.**

Me veit kor viktig du er for oss, og lokalsamfunnet. Og sidan me bur her sjølve, er me like opptekne av kvalitet på leveransen som du er.

**Ta kontakt med ein av våre kunde-handsamarar eller gå inn på vår heimeside www.fitjar-kraftlag.no for bestilling av straum.**

FITJAR KRAFTLAG

Kjøp straum der du får mest for pengane. Kjøp lokal straum: Tlf 534 57 600 / www.fitjar-kraftlag.no

# STORD HANDBALL




- LAG I HJERTE-LIGAEN
- LAG I VETERAN-NM
- LAG I BEACH-RM

HER ER VÅRE LAG

**25** SPELAR-GRUPPER

**50** LAG I SERIESPELET

**450** SPELARAR

**100** TRENARAR OG LAGLEIARAR

## J2017 NORD

**Frå venstre:**
Helle Aas, Selma Sjölin Aaland, Ella Notland Koppang, Ulla Dybvik Sleen og Ada Vik Degrave

**Trener:**
Jonas Sjølin



## J2017 VIKA

**Fremme frå venstre:**
Juliana Maria Pensaber Hansen, Alba Skulstad-Høie, Mathilde Windå Bergo, Marion Havro Salomonsen, Sarah Vik Hollund, Randa Ibrahim Abdi,

**Bak frå venstre:**
Nora Nesse, Pernille Notland Slålie, Mathilde Børtveit Nesse, Live Sæbø Helland, Afomia Belay, Aase-Olava Vik,

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Silja Vik Litlabø, Vilma Isdal-Rognli



## J2016 VIKA

**Framme frå venstre:**
Audny Bjelland Ekornrud, Ingeborg Elise Storebø, Livia Hervik Hennis, Selma Kannelønnig, Arya Westerheim, Lilly Sætre Sundt, Belinda Mayuto Mukekwa, Iben Halleraker Westerheim, Emily Alexandra Marcsa, Emma Marie Hauge Birkeland, Iben Steinsvåg Engelsen.

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Eirill Knudsen Kaldestad, Mariell Hervik, Malene Engevik Hatlevik.



## J2016 NORD

**Framme frå venstre:**
Hiyab Tesfahiwet, Live Rommetveit Epland, Erle Sande, Pernille Pedersen, Ava Bekkenes Gniste, Lillian Tesfa Yigrem, Livia Steenstrup Spissøy

**Bak frå venstre:**
Oliva Danielsen, Liva Waldal Hagen, Synne Barsnes Hvidevoll, Tilje Haga Brink, Sofie Helena Iversen Walkosz, Olivia Vassnes Vik

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Thomas Danielsen, Gaute Straume Epland, og Christine Steenstrup



## J2015 VIKA

**Framme frå venstre:**
Oda Spratt Nygård, Lyana Omar, Ella Kringeland Nygård, Otilie Eilertsen Aaserud, Ada Rolfsen Veivåg, Emmeline Olivia Vågenes Vallestad, Wilma Skålevik Brask, Mathilde Bjelland Gjertsen, Sanna Døssland Bunes, Thea Windå Bergo, Ida Bakke Kleppe, Sigrid Lønning Madsen, Jenny Lunde Lie

**Bak frå venstre:**
Frida Marie Almås Langeland, Lise Notland Slålie, Sanna Eriksen Tverborgvik, Hannah Oline Nordtun-Kristoffersen, Anghelina Chitcanean, Madeleine Tanskanen, Aime Waage Haynes, Sara Larsen Vasslid

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Thomas Gjertsen, Eugen Brask, Stein Aaserud, Anna Notland Slålie, Linda Marie Nordtun-Kristoffersen



## J2015 NORD

**Framme frå venstre:**
Serine Kongestøl, Mari Nævdal Hellestveit, Agnes Koppang Nystøyl, Norah Førland Tønnesen, Maria Botnen Førland, Ella Lausen Breidvik, Sigrun Habbestad Sandvik, Mina Abel Nylund, Oliva Flisram Aleksandersen, Sigrid Kinne Alvsåker og Thea Førland Tønnesen

**Bak frå venstre:**
Ida Elvira Sande, Johanna Skorpen Wilhelmsen, Live Sydnes, Amelia Lyngås Beyer, Sonja Nygård Salomonsen, Ada Knudsen Kaldestad, Julie Kommedal, Andrea Thormodsæter og Vilja Pettersen Engevik

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Guro Dreyer, Olav Sande, Kjerst Førland Sjøvold og Ragnhild Nævdal Hellestveit



## J2014 VIKA

**Framme frå venstre:**
Marie Lindeflaten Vold, Hedda Halleraker Westerheim, Mia Aga-søster Vegstad, Diana Amiri, Vilma Västerlund Alsaker, Emma Lunds-voll-Husevik, Eiril Solli Langhelle, Sofia Østrem

**Bak frå venstre:**
Emina al Banna Stokken, Olivia Fjellanger Johansen, Tuva Sævareid Skumsnes, Turid Nysæther Almås, Lillianne Sakseid-Angeltveit

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Marita Nysæther, Marita Västerlund



## J2014 NORD

**Framme frå venstre:**
Susanna Vestivik-Midttun, Cecilia Berland, Vilde Stockmann, Emma Semb Sakseid, Ida Høyland Reppen, Mathilde Notland, Vida Ekre Eilertsen.

**Bak frå venstre:**
Elin Solheim Laastad, Ava Rubach Øvrevik, Maja Traa Vatna, Tiril Breidvik Røstbø, Oda Hansson Vikene

**Lagledere/Trenere frå venstre:**
Martha Stockmann, Annette Nygård



## J2013

**Framme frå venstre:**
Lawin Guner, Michelle Nysæter, Eda Nystøyl, Olivia Rubach Øvrevik, Maja Kristine Sande, Mari Ottesen Horneland, Celina Nilsen

**Bak frå venstre:**
Ingeborg Grov Sandvik, Amanda Sjölin Aaland, Emma Kjeka Næss, Tale Rommetveit Epland, Vilde Ystad Molvær, Selda Isdal-Rognli, Thea Mikkelson Sasso

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Marte Eldøy Ottesen, Olav Sande, Gaute Straume Epland, Dag Ståle Nystøyl



## J2012

**Framme frå Venstre:**
Hanne Myhre, Melina Stølen Hillestad, Marie Folgerø-Vika, Vilde Sætre, Malin Silapasungnoen Nysæter

**Bak frå Venstre:**
Vilde Næs Gjelstad, Sannah Thorbjørnsen, Mina Våge, Amalie Johnsen, Nora Klimek, Mille Kringeland Nygård

**Trener:**
Tommy Hillestad



## J2011

**Framme frå venstre:**
Mathilde Fosse, Marie Hatlevik, Betelhem Atakilti, Tiril Sætre Kismul, Sofia Myhre Onarheim, Mille Røvde Hovland, Hanna Nerhus Haukefær, Amalie Henrikke Holm Haukefær, Agnes Riise Sönnerlid, Ingrid Marie Herre Kvinge

**Bak fra venstre:**
Marion Aspen Jørgensen, Oline Sætre Sundt, Synne Helland, Elena Ormseth-Stegen, Karoline Madtsen, Aurora Skålevik Brask, Hedda Olava Bruborg Falk, Frida Landa Helland, Eldana Daniel Beyene, Tiril Størkson Aakre, Vilde Elisabeth Gullberg,

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Eugen Brask, Agnes Karlson Andreassen, Mille Mikkelson Sæther



## J2010

**Framme frå venstre:**
Inger Lise Nøtland, Oda Nesse, Agnes Tingvoll Spissøy, Ingrid Miriam Tjelmeland Kvamme, Lineah Olderkjær Veivåg, Thea Auestad-Severinsen, Anna Lothe Dahl, Milla Amundsen Hakestad, Mathea Eriksen Raunholm, Marie Hande-land Sørebø, Isabella Dimaya JakobsenMalin Andrea Kvamme Nipen, Camilla Furuhovde

**Bak frå venstre:**
Elea Steenstrup Spissøy, Emily Almås, Ridima Singh, Alva Alvsvåg, Martha Tyse Stokken, Julia Seivåg Nilsson, Mie Søgaard, Norah Clausen Tverborgvik, Nora Skorpen Wil-helmsen, Mathilde Spratt Nygård, Inger Engevik Almås, Hannah Eriksen Raunholm, Olea Ekeberg Antonsen

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Else Marie Søgaard, Merethe Auestad



## J2008-09

**Framme frå venstre:**
Vilma Isdal-Rognli, Aina Bekkenes Gniste, Kajsa Tvedten, Silja Vik Litlabø, Guoda Jocyte, Leah Danielsen, Ane Vik Framnes, Brita Sjo Holm, Live Breidvik Røstbø, Eirill Knudsen Kaldestad

**Bak frå venstre:**
Ingrid Nysæther Almås, Malene Engevik Hatlevik, Othilie Moen Hakestad, Astrid Kyvik Skard, Mille Mikkelson Sæther, Ingrid Hammersland Loureiro, Helle Austlid Føyen, Agnes Karlson Andreassen

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Anita Moen Hakestad, Kristine Mikkelson Sæther, Marte Wirum, Aksel Sæther, Jonatan Gniste



## J2005-06-07

**Framme frå venstre:**
Amalie Olsnes, Mina Braathen Kannelønning, Sofie Sætre Skjønberg, Seline Molde Ottesen, Alexandra Solend Västerlund, Margrethe Malkenes, Mari Haga Skibenes, Mathea Helvik Alfredsen, Thea Breidvik

**Bak frå venstre:**
Frida Clausen Tverborgvik, Mathilde Alfarnes Amundsen, Emilie Sørheim Agdestein, Elise de Fine Olsen, Vilde Felicia Vatne, Johanne Skjerven Valland, Marie Romfog Waage, Sunniva Røvde Aspen, Linnea Madeleine Jonsson, Serine Blikra Valvatna, Andrea Våge Helland, Emma Storø Varberg, Ella Tveitnes Moe

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Anne Marie Skjerven, Ina Blikra Valvatna, Mathias Meløy



## DAMELAGET

**Framme frå venstre:**
Saga Emilie Rygg Tonning, Tuva Dahle Nilsen, Helene Kringeland Aasheim, Berit Nysæther, Ingeborg Toft Nerland, Christine Steenstrup, Anita Moen Hakestad, Liva Salomonsen.

**Bak frå venstre:**
Hedvig Steinsvåg Hansen, Ingebjørg Aaland, Stine Aamodt, Marita Nysæther, Julianne Sellgren, Henriette Hetlelid Hansen, Silje Frank, Ragnhild Aaland, Ellen Salomonsen



## STORD UNITED

**Bak frå venstre:**
Sondre Dalsbotten Håvardsholm, Stig Økland, Mats Huseth Rasmussen

**Framme frå venstre:**
Laila Absalonsen, Mathias Larsen Lussand, Are Skogvold, Jørund Torland Innvær

**Trener:** Silje Tyse



## G2017

**Framme frå venstre:**
Leo Kvarme Kortbek, Victor Vassberg Vik, Brede Laukhammar Fjellhaugen, Lars Aaland, Eiliv Helland Sætrevik, Elling Engelsen, Sverre Hillestad, Konrad Anker Skulstad Hillestad

**Bak frå venstre:**
Nicolaii Wolff Langeland, Nils McMillan Havn, Mathias Mæhle Olderkjær, Asbjørn Dahle-Pedersen, Alfred Vad Hella, Jon Eriksen Mæland, Sveinung Ljosland Hystad, Mathias Tyse Vaage

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Ragnhild Aaland, Thor Egil Vaage, Anna Aas Eriksen, Lars Andreas Pedersen



## G2016 NORD

**Framme frå venstre:**
Alfred Hallaråker Lunde, Ola Danielsen, Viljar Brekke, Elmer Ekre Eilertsen, Thor Stenersen Almeland, Oscar Stenersen Almeland, Einar Nesbø Haugland og Elling Rysjedal Agdestein.

**Bak frå venstre:**
Teo Danmo Hjertenes, Teodor Andreas Eliassen Johansen, Olve Borge Danmo, Mikkel Enge-bretsen Tufteland, Phillip Nilsen Åkra, Hans Vad Knutsen, Konrad Mjånes-Økland

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Line Vad, Siri Agdestein, Hanne Nesbø Haugland og Tina Andrea Åkra.



## G2016 VIKA

**Frå Venstre:**
Ole Langhelle, Wilfred Nesten Borch-grevink, Fredrik Fjellanger Johansen, Milian Tharaldsen Mikkelson, Sander Frotjold Litlabø, William Skul-stad Gjertsen.

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Eirill Knudsen Kaldestad og Malene Hatlevik Engevik



## G2015

**Framme frå venstre:**
Bo Mathias Lekven Stensletten, Oliver Lauri Brunbäck Visti, Haakon Nesbø Haugland, Sander Matre Sikveland, Mikkel Rubach Grov, Sander Dimaya Jacobsen, Oliver Bergli Ottesen, Amund Sundfør, Emre Kaldråstøyl Haugland, Jakob Sætre Myklebust, Jeppe Hansen Epland, Peder Bjørgen Eskeland, Theodor Vørøs Hildal, Emil Koppang, Markus Siglen Brattbakken.

**Bak frå venstre:**
Filip Olsson, John Sellgren Kent, Eliah Meløy Kaldråstøyl, Malvin Meløy, Ailo Mjaanes Heggøy, Peter Alfsvåg Kalde-stad, Jens Mäkinen-Kvasnes, Lars Tufteland Hårde, Ailo Ystad Molvær, Viljar McMillan Knarvik, Lars Sellgren Kent, Kasper Våge-Anuglen.

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Mathias Meløy, Bjarte Straume Epland, Julianne Sellgren, Berit Siglen, Marthe Olsson.



## G2014

**Framme frå venstre:**
Jonas Bolset Svarstad, Henrik Lunde Buchvold, Ole Søgaard, Sondre Brekke, Jens Engelsen, Ludvig Waldal Hagen

**Bak frå venstre:**
Sivert Landa Helland, Henrik Eriksen Raunholm, Leo Søgaard, Yoel Tesfa

**Trenar:**
Mikael Søgaard



## G2013

**Framme frå venstre:**
Jakob Lindeflaten Zanetti, Marius Sævareid Skorpen, Jonas Naustdal Aase, Viktor Kalvenes Hope, Jakob Kinne Alvsåker, Matin Azmodin, Asbjørn Nygård Ormseth, Matheo Tharaldsen Mikkelson, Snorre Sydnes

**Bak frå venstre:**
Oliver Stokken Valvatne, Emil Christensen, Vemund Stautland Båtsvik, Axel Sellgren Kent, Aksel Engelsen Launes, Ole Eelis Mäkinen-Kvasnes, Liam Nordfonn

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Kristoffer Aa. Djuve, Marie Launes



## G2012

**Framme frå venstre:**
Isak Stokken Østerbøe, Jonathan Gaustad, Herman Nesbø Haugland, Emrik Agdestein Rysjedal, Noah Steensohn Olsen, Mikal Sandvik, Tor Hellestveit, Olav Emil Carlsen, Liam Visti, Leander Olsen, Jacob Nesse, Aleksander Grov.

**Bak frå venstre:**
Leander Aleksandersen, Dominik Aarekol, Olve Epland, Sondre Grov, Luca Davitkovski, Olve Knarvik, David Ivanov, Ivar Langeland Bjordal, Sindre Rosland

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Hanne Nesbø Haugland, Njål Hamre Olsen, Mats Mikkelson Sæther og Bjarte Epland



## G2011

**Framme frå venstre:**
Jonas B. Førland, Haakon Digernes, Leon A. Z. Byre, Noah Nordfonn, Mario Finnebotn, Mathias T. Grov, Markus S. Skumsnes, Emil. Hella, Emil A. Føyen

**Bak frå venstre:**
Ludvik Danielsen, Markus Liodden, Raed I. Alrifai, Jakob E. Launes

**Trenere/lagledere frå venstre:**
Liv Siri Andresen, Lorenzo Ambrad, Didrik Launes



## G2009-10

**Framme frå venstre:**
Styrk Onarheim, Lukas Reily Ambrad, Sebastian Furuhovde, Sebastian Olsen, Mads Kaldrå-støyl Kjellsen, David Davitkovski, Johannes Grov Nilsen.

**Bak frå venstre:**
Jonathan Sakseid Angeltveit, Leander Stølen Hillestad , Peder Lindeflaten, Thomas Grundvold Nøstvåg, Vetle Matre Hagenes, Jonatan Strømø Kvalvik,

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Geir Kristian Furuhovde, Hans kristian Kjelsen, Lukas Skåtevik Skjønberg



## G2006-07-08

**Framme frå venstre:**
Lars Økland Larsen, Lorenzo Ambrad, William Nygård Ormseth, Jørgen Lothe Dahl, Kristian Berge Olsen, Mats Mikkelson Sæther, Amund Bruun-Nygård, Aksel Dreyer Ur

**Bak frå venstre:**
Lukas Skimmeland Kallestad-bakken, Søren Emil Grov Nøkling, Kristoffer Aadland Djuve, Morgan Hovland-Gay, Eirik Størkson Berg, Emil Økland Larsen, Emil Strømø Kvalvik,

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Kristine Mikkelson Sæther, Gunnhild Lothe, Thomas Nøkling, Aksel Sæther



## HERRELAGET

**Framme frå venstre:**
Thor Egil Vaage, Kristoffer Aadland Djuve, Emil Økland Larsen, Sondre Heggøy Kjelsnes, Fabian Nakken Nicolaisen, Søren Emil Grov Nøkling, Hans Kristian Kjellsen.

**Bak frå venstre:**
Christoffer Rafdal, Marius Rimmereide, Morgan Hovland Gay, Lukas SKåtevik Skjønberg

**Trenere/Lagledere frå venstre:**
Ingemar Olsson, Andrè Skjønberg





BEST PÅ GOLV!

FARGERIKE
MALERBODEN

Ved Rema 1000 på Heiane
Tlf. 53 40 21 70
E-post: post@fargerikemalerboden.no

DISTRIKTETS STØRSTE FARGE- OG INTERIØRBUTIKK

STOMAS ELEKTRO
Tlf. 53 40 23 40

elfag

**Stomas AS utfører store og små oppdrag innan el-installasjon**

- Nybygg
- Service arbeid
- Oppussing/renovering
- Lys og varme:
  – utebelysning
  – innendørsbelysning
- Brannførebyggande El-kontroll
- Stomas A/S er medlem av Nelfo og er registret hos DSB som godkjent installatør

**VÅR ERFARING – DIN FORDEL**

LEIRVIK VARETAXI

Din lokale transportør



- Ekspresstransport
- Godstransport
- Flyttetjenester
- Budtjenester

***Booking:***
**post@leirvik-varetaxi.no**
**Tlf. 901 12 712**



200

Gjennom 200 år har vi stått saman for å gjere livet i vest enda litt betre.

Takk for at du er kunde i Sparebanken Vest!

SparebankenVest

Foto: Getty Images




## PRAKTISK INFORMASJON

**SEKRETARIAT**
Sekretariatet er i Konferanseavdelinga i Nyehallen. Det er betalingsterminal her, og mogleg å ta ut pengar. Sekretariatet er ope mellom kl. 08.00 og kl. 23.00 (opnar kl. 18.00 fredag 17. mai). Turneringstelefon: 53 40 09 90

**TRANSPORT UNDER FESTIVALEN**
Det vert sett opp bussruter mellom overnattingsplassane og festivalområdet. Sjå til einkvar tid oppdatert informasjon om transport på heimesidene på handball festivalen.no. Sjå oversiktskart med oppmerka parkeringsplassar.

**SERVERING AV MAT I TURNKASSEN**
Maten vert som vanleg servert i Turn kassen, vegg i vegg med Nyehallen.

**Laurdag:**

| | |
|---|---|
| Frukost | 08.00 – 11.00 |
| Middag (Taco) | 13.00 – 17.00 |

**Sundag:**

| | |
|---|---|
| Frukost | 06.30 – 10.30 |
| Middag (Lasagne) | 13.00 – 17.00 |

**Måndag:**

| | |
|---|---|
| Frukost | 06.30 – 10.30 |
| Middag (Lapskaus) | 12.30 – 16.00 |

**FØRSTEHJELP/SKADESTOVE**
Førstehjelparane er stasjonert i sportssenteret (inn døra og til venstre).

**VIKTIG OM KAMPOPPSETTET**
Siste versjon av kampoppsettet er tilgjengeleg på www.handballfestivalen.no.

**PREMIEUTDELING**
For alle spelarar frå J/G7 til J/G12 år vert det medaljeseremoni i Nyehallen måndag kl. 11.30. Lag og lagleiarar, stiller opp på baksida av Nyehallen seinast kl. 11.15.


15 GROV GRASKLYPP
16 RAGN-SELLS
17 HAUGALAND KRAFT
18 HUMMEL
Sekretariatet
Kantine
Oppstilling festivaltog
Førstehjelp
Buss til Nordbygdo
Aktivitetar
Hjartestartar
Sandvolleyballbane
Premieutdeling
Mattelt
Scene
Sport1 salstelt
Ragn-Sells bossbil
Rema 1000 Foodtruck
Bubil/campingvogn
Leirvik skule
P
Kulturhus
400 m
Vikastemmo
Stord
vidaregåande skule
Stord
ungdomsskule
P
Tennisbanen
15
16
3
Stord Idrettspark
Vikahaugane
2
1
Rackethallen
6
8
10
5
7
9
11
Stadion
17
18
P
P
Stord Hotell
REMA 1000
Bjelland

# PROGRAM – REMA 1000 HANDBALLFESTIVALEN 2024

## FREDAG 17. MAI

Sekretariatet opnar for innsjekk ........ kl. 18.00

Overnattingsplassane og campingen opnar for innsjekk ........ kl. 18.00

## LAURDAG 18. MAI

Sandvolleyballbanen kan nyttast av deltakarane........ kl. 09.00 – 22.30
*(Bestilling av bane i sekretariatet)*

Oppstilling Festivaltog rundt Andadammen ........ kl. 11.00

Festivaltoget går til torget........ kl. 11.15
*(Beste innslag i toget for gjestande lag og Stord vert premiert)*

Opning av Rema 1000 Handballfestivalen på torget. ........ kl. 12.00

Kampane startar på alle banar ........ kl. 13.00

Hoppeslott og aktivitetar ved Grasbanen ........ kl. 13.00 – 17.30

Bading i Kulturhuset ........ kl. 14.00 – 18.00
*(Bestilling av bading i sekretariatet)*

"Smart idrettsmat - hva er det?" ........ kl. 15.00 – 15.30
*(Foredrag av Ingvill Måkestad Bovim på Stord ungdomsskule)*

Johan Castberg Sail Away-konsert........ kl. 17.30 – 21.30
*(Konserten startar kl. 18.30, det tar ca 15 min å gå fra festivalområdet)*

## SUNDAG 19. MAI

Sandvolleyballbanen kan nyttast av deltakarane........ kl. 09.00 – 22.00
*(Bestilling av bane i sekretariatet)*

Bading i Kulturhuset ........ kl. 09.00 – 21.00
*(Bestilling av bading i sekretariatet)*

Kampane startar........ kl. 09.00

Hoppeslott og aktivitetar ved Grasbanen ........ kl. 10.00 – 17.30

Konsert og danseshow med aw0 og Spinae Company........ kl. 14.00 – 15.00

Diskotek i Gamlehallen for J/G7-11........ kl. 19.00 – 21.00

Diskotek i Gamlehallen for J/G12 og eldre........ kl. 21.00 – 22.30

## MÅNDAG 20. MAI

Kampane startar........ kl. 08.00

Sandvolleyballbanen kan nyttast av deltakarane........ kl. 08.00 – 14.00
*(Bestilling av bane i sekretariatet)*

Medaljeseremoni (til og med J/G12) i Nyehallen ........ kl. 11.30 – 12.30
*(Oppstilling bak Nyehallen mot Stord ungdomsskule seinast kl. 11.15)*

A-finalane startar i Nyehallen ........ kl. 12.30









# OPPSTILLING FESTIVALTOG

| | |
|---|---|
| **1** Askøy, Austrått, Avaldsnes, Bjørnar | **5** Sandnes, Sandviken, Solid, Sotra |
| **2** Eikelandsfjorden, Etne, Fana, Fitjar, Fyllingen, Gneist, Kjøkkelvik, Kopervik | **6** Stegaberg, Staal Jørpeland, Sund, Sveio, Søre Neset |
| **3** Kvinnherad, Kåsen, Lyngbø, Mastra, Nord, Nordnes | **7** Tertnes, Tysnes, Vedavåg, Viking TIF, Ølen, Øygarden, Øyglimt, Åsane |
| **4** Nore Neset, Odda, Os, Rival | **8** Åkra |




## OPPRYKKET FOR 25 ÅR SIDAN

Faksimile frå Sunnhordland.



SPORT

# «-Vi er i eliten, fr tusan!»

(FETHALLEN):
- At me tapar 22-18 i dag er fullstendig underordna. Me er i eliteserien, for tusan, jublar trenar Thomas Franzén saman med resten av Stord-gjengen. Stord er klar for eliteseriespel i handball neste sesong etter å ha slått Fet samanlagt 44-38 i to kvalifiseringskampar.

## - Flagget til topps!

- Dette må feirast, og i dag går flagget til topps på rådhuset, jublar ordførar Magne Rommetveit.

## - Dette var stort!

## «Supergrabbar»

## - Eg måtte forlata hallen!

## Gratulerer, første målsetjing er nådd

Sports-kommentar




# MERKEVARE FOR HEILE REGIONEN

**– Vi treng sårt slike turneringar som Rema 1000 Handballfestivalen på Stord. Den har alt som skal til, seier dalge leiar for Norges handballforbund Region Vest, Trine Skarstein Dalland.**

TEKST: RUNAR ØVREBØ

Ho har sjølv som mor og trenar for Fyllingen følt festivalen på pulsen, og veit kva som blir utløyst med å delta saman med 4.000 unge handballspelarar.

Trine er ikkje til å stoppe når ho skal beskriva Rema 1000 Handballfestivalen på Stord.

– Det er ein lågterskelturnering. Trygg og familievenleg cup med glede og godt samhald.

Frå opninga på torget med festivaltoget ned til Leirvik til finaledagen med innmarsj og premieutdeling til alle. For ein energi og stemning det er rundt dette. Du må nesten oppleve det for å forstå kor stort og viktig dette arrangementet er, seier Trine. I det daglige styrer 52-åringen all aktivitet når det gjeld handball i Region Vest.

– Vi har spela kampar i drittvær, sol og gjørme, men stemninga er på topp uansett blant spelarane. Dei koser seg med disko, basseng, grilling og berre det å knytte nye vennskapsband.

– Denne festivalen må leve vidare, den har verdiar i seg som er viktig for framtida for å rekruttere og ta vare på ungdommar som vil spela handball.

**Travle dagar**

Med turar til Tysnes på hytta lader ho batteria og planlegg neste sesong for regionen vår.

– Denne jobben har eg hatt i snart fem år. Etter pandemien handla mykje om å få aktivitetane i gang igjen. Bli kjent med regionen på nytt.

Eg vil forresten nytte høve til å takke Bjarte Epland for eit godt samarbeid gjennom mange år. No gir han seg på grunna sin nye jobb som dagleg leiar i Stord Handball.

Min jobb som dagleg leiar er å lage eit best mogeleg tilbod for alle klubbane i Region Vest. Då handlar det om å ha eit fugleperspektiv, å klare å følgje med i tiden. Utvikle spelarar, klubb, dommarar og trenar på ein best mogeleg måte, seier ein engasjert dagleg leiar.

**Regionen er for klubbane**

– Vi må ikkje gløyme at regionen er for klubbane. Det er her det god grunnlaget blir lagt. Så må det gode arbeidet skje ute i klubbmiljøa.

Regionen legg til rette for eit godt kamptilbod. Setter opp kurs og utdanning både for klubbleiarar, dommarar og trenarar. Då må vi og tilsette gode folk i regionen vår.

**Sit i leiargruppa**

Eg sit og i nasjonal leiargruppe saman med dei seks andre regionane. Her deler vi kompetanse og har gode diskusjonar.

I vår region har vi 93 klubbar og rundt 19.000 spelarar, 6.000 over 13 år som løyser lisens. Vi opplever vekst frå i fjor med 1.700 nye spelarar.

Sotra, Bjarg og Åsane er dei tre store klubbane. Stord ligg godt an i løypa med ein 5.-6. plass, men vi opplever fråfall og spelarar som vel å bruke tida på noko anna enn handball.

Meir satsing, fleire treningar og meir alvor får mange til å hoppe av. For oss i regionen handlar det om å ta vare på dei unge lengst mogleg.

Vi legg til rette med B-puljar for spelarar og lag som vil ha det sosialt og spele kampar og ha det gøy med vennene sine.

Andre moment er at dei reiser i militæret, reiser bort på skule eller sluttar når kameraten og venninna gir seg.

**Fleire gutar**

Kva med gutane og handball?

Det er positiv utvikling med at fleire gutar som spelar handball, den negative trenden er snudd.

Men vi blir «spist» opp av fotballen. Det er vanskeleg å stå opp mot den entusiasmen som Brann klarer å skape.

Korleis ligg Region Vest an sportsleg? Vi er på veg opp og fram i Bylagsurneringen. I år blei gutane nr. 5 og nr. 8 medan jentene blei nr. 4 og nr. 12. Region Sør-Vest med Stavanger, Sola, Sandnes, Nærbø og Ålgård er sterke.

**Vann Bring**

Men vi er stolte av Åsane som vann G16 i den nasjonale Bringserien.

Dei skårar på gode trenarar, flott anlegg og eit godt miljø. Difor er det viktig for oss og andre klubbar om å være nysgjerrige på kva andre får til i staden for å krige og bryte kvarandre ned, seier Dalland, som håper å få tid til å stikke innom festivalen for å kjenne på stemninga.



## Trine Skarstein Dalland

**Født:** Født 29. oktober 1971
**Familie:** Tre barn (svigerfar frå Tysnes)
**Yrke:** Barnehagelærer, veileder, leiing og arbeid på høgskulen
**Aktuell no:** Dagleg leiar Norges Handballforbund Region Vest

**Sju kjappe:**

1. Grillmat eller skaldyr: *Skaldyr*
2. Favoritt ferieland: *Italia*
3. Saft eller softis: *Softis*
4. Favoritt-drikke: *Pepsi Max*
5. Lyttar på: *70-talsmusikk, Elton John*
6. Ser på: *Dokumentar og sport*
7. Favorittlag i Premier League: *Manchester United*

# «ROCK OG REMA I 1000»

**Butikksjef Eivind Birkeland på Rema 1000 avdeling Vabakkjen er klar for lange dagar og store leveringar til festivalen i pinsen.**

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ

Det tidlegare rockebassisten frå Bastard er klar for rock and roll og døgnopen butikk med varer i store mengder.

– Vi skal levere all grillmat med tilbehøyr. Her snakkar vi om eitt tonn med pommes frites. 500 kg med grillpølser og hamburgarar.

– Til frukost går det det med 2.000 brød, 400 pakkar med skinke og 400 pakkar med ost, seier Eivind Birkeland like før det brakar laus.

Kjøpmannen på Vabakkjen har vore med i mange pinsehelgar tidlegare.

– Eg kjenner festivalen og historikken og kva som skal til av varer. Festivalleiinga stoler på at eg har kontroll. Det skal ikkje stå på meg. Skulle dei mangla noko så er det berre til å hente ut, lovar Birkeland som er klar til innsats.

Nytt av året er at sjølvaste Rema 1000-sirkuset med Vidar Riseth, sponsorsjef og Ingvill Måkestad Bovim har sagt ja til eit tett samarbeid med festivalen.

Her har Eivind spela ein sentral rolle for å få sentral avtale med Rema 1000 på plass.

**Har fått Rema på laget**

Eg har vore frampå sidan 2017 og vore klar på at det skjer store ting utafor bygrensene og store byar som Trondheim og Oslo.

Dessutan er Rema 1000 Region Vest den største regionen i landet med 70 butikkar. Fire av dei ligg i Stord kommune.

Difor var eg glad for at Vidar Riseth og Rema 1000 like før jul flytta satsinga frå Fredrikstad Cup og over til Stord, seier ein stolt og letta Eivind Birkeland etter at avtalen var i boks. No kjem «Sirkus» Riseth & co med «Foodtruck'en»; ein trailer på over 20 meter med fullt opp av sunne varer som blir å finna på festivalområdet.

– Det blir eit rullande storkjøkken der Rema 1000 Vabakkjen leverer råvara og stiller med butikkhjelp.

Kva vil deltakarane få?

– Her blir det sunnheit som står i fokus. Oppkutta frukt i mange variantar, Smoothie, kyllingburger, kyllingwraps og vegetarmat.

Foodtrucken er på turne og var med på Trondheim Cup i handball. No set spesialvogna kursen mot Stord.

**Omvende folk**

Med på lasset følgjer enæringsfysiolog og tidlegare friidrettsutøvar Ingvil Måkestad Bovim. Ho har ansvar for den sunne menyen som skal presenterast

– Ingvill skal vere med på å «omvende» folk til å ete sunt og få sunne kostvanar. Ho jobbar for Rema 1000 og har sitt å seie for vårt sortiment.

Men Rema har fokus på grilling og hamburgar no når sommaren kjem. Står dette i stil med sunn mat-alternativet?

– Eg skjønnar kva du meiner, men butikkane våre gjer mange grep for å gjere maten vår mest mogeleg sunn. Med blant anna å redusera saltmengda i all mat. Vi har og alternativ grøntavdelingar og mange salat-variantar.

– Men det er ikkje usunt å nyte og unne seg ein burger med grovt kjøtt. Men da må det og ein god salat til, seier Rema-sjefen, som meiner at det handlar om å bruke sunn fornuft.

**Kva legg du i å være ein god REMA 1000-sjef?**

He-he. Da må dette vera på plass; du må ha godt humør, du må være audmyk, stolt og ikkje minst ha dyktige medarbeidarar rundt deg, seier Eivind Birkeland som sit med 22 års røynsle som Rema 1000-sjef.

**Klar for «Levva livet»**

Men under opninga på Leirvik Torg, med over 3.000 elleville og glade handballspelarar legg Eivind vekk «kremmar-hatten" og tar fram rockefoten og bassgitaren.

Da blir det trønderock, Åge Aleksandersen, og "Levva livet" i ein heftig duett med Birkeland og sjefen sjølv, Vidar Riseth, live på scenen.




## Eivind Birkeland

**Født:** 3. oktober 1975
**Familie:** Kone og fire barn
**Yrke:** Sjef for Rema 1000 Vabakkjen
**Aktuell:** Matleverandør under Rema 1000 Handballfestivalen

**Sju kjappe:**
1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Favoritt ferieland? *Vågsli*
3. Soft eller saftis? *Softis*
4. Favorittdrikk: *Cola Zero*
5. Lyttar på: *Rock ved Greta van Fleet*
6. Ser på: *Krim, Wallander*
7. Favorittlag i Premier League: *Manchester United*


STORT SALGSTELT
på Handballfestivalen 18.-20. mai
30-70%
på ei mengde med varer!
Besøk og vår butikk på Heiane, Rundehaugen 35, 5412 Stord.
hummel
KNALLPRISER
på ei mengde Hummel-varer i teltet!
SPORT 1 STORD
Rundehaugen 35
5412 Stord
Tlf: 53 40 31 80
ÅPNINGSTIDER:
Hverdager 09:00-18:00
Torsdag 09:00-19:00
Lørdag 10:00-16:00
Følg oss på:
sport 1 Stord


Stord Hotell
Me skreddarsyr feiringa for deg
Hos oss er moglegheitane mange
...for feiringar i alle former - store, små, korte og lange. Stord Hotell har lang erfaring med alle typar selskap, frå dåp og konfirmasjonar til bryllaup og jubileum.
Usikker på kva som passar deg? Send ein e-post til booking@stord-hotel.no, så hjelper me deg med å planlegge etter dykkar ynskje.
SJÅ MEIR PÅ STORD-HOTELL.NO

# MED HANDBALL-FESTIVAL MOT 2030

**– Frå 2025 skal Bjarte Epland skal styre festivalen inn mot nye høgder. I 2030 er det 40 år sidan den første festivalen blei opna på Leirvik torg.**

TEKST: RUNAR ØVREBØ



– Vi skal ta vare på identiteten til festivalen. Det er ingen grunn til å endre på ting som fungerer godt, seier Bjarte Epland. Den ferske 40-åringen ser lyst på framtida for turneringa;

– Varemerket vårt er ein tett, trygg og intim festival der alle skal føle på idrettsgleda. Toget, karneval og innmarsj skal med vidare. Sjølv om det er ein festival så skal vi finne ein balansen mellom det sportslege og høgdepunkt litt utan om det vanelege

– Rema 1000 Handballfestivalen skal vere ein «happening» som folk gler seg til. Og som dei vil kome attende til år etter år, seier den nye daglege leiaren som og tek over ansvaret for festivalen.

Festivalen vår skal vera meir enn kampar. Store deler handlar og om kva som skjer rundt banane, på diskotek og elles i fritida i tre hektiske og kjekke dagar. Mykje handlar om å være her og ha det gøy i lag med laget sitt og møte nye venner, seier Epland.

Vi har funne oppskrifta som skil seg ut frå andre festivalar. Tett på og i trygge rammer der det meste skjer oppe på Vikahaugane.

**Vokst opp med festivalen**

Saman med familien har Bjarte Epland vokst opp med festivalen sidan starten på 90-talet.

– Kva hugsar du frå tida som spelar?

Kjekke kampar, masse folk og alltid fint vær. Eg hugsar og at vi spela kampar på asfalt nede på biltilsynet, på torget og føre ungdomsskulen. Banane var humpete og vi sprang over kumlokk og måtte ha på knebeskyttar, hugsar Bjarte

Cecilie Leganger hugsa eg då hu opna festivalen på torget, men saman med heile familien så måtte vi jobba dugnad før og gjennom festivalen. Heile familien var engasjert.

– Den gode felleskapen for den som legg til rette og arrangerer er eit særteikn, saman med dugnadsånden og den postive stemninga blant gjestene som kjem til øya vår.

**Ikkje aktuelt å skifte helg**

Dette året er 17. mai-feiring ein del opptakten til pinsen og Rema 1000 Handballfestivalen.

– Vi er innstilt på at det blir mindre lag dette året. Litt over 300 har meldt sin ankomst. Men det er ikkje aktuelt å skifte helg. Festivalen blir i pinsen uansett, seier Bjarte Epland.

**Ekstra krydder**

Men årets festival kan lokke med ekstra drahjelp. Aker Solutions lokkar med konsert med blant anna Julie Bergan nede på verftsområdet.

– Vi er kjempeglade for at Aker Solutions har teke kontakt med oss og tilbyr oss den godbiten gratis for alle deltakarane og alle andre i lokalmiljøet.

Difor stoppar vi kampane litt tidlegare på pinseaften for at alle som vil skal få med seg konserten.

Men vi treng ikkje by opp til fest med konsert. I fjor hadde vi rekordpåmelding utan å ha meir enn eit "normalt program" med blant anna diskotek og grilling.

**Håper på skeisehall og dobbelthall**

– Skal vi være konkuransedyktige og robuste for framtida må vi oppgradere anlegga våre. No ser eg optimitisk på ny skeisehall og på ny dobbelt handballhall på Vikahaugane.

Vi håper både kommunen, politikarar og næringsliv ser kor viktig å det er for oss å få fleire kampar under tak og større flater til våre fasilitetetar som servering og fritid. Festivalen har betydd mykje og vil bety mykje for lokalsamfunnet Stord. Difor må vi ha drahjelp frå alle.

**Kva med dugnadsånden?**

Den er framleis god. Per dags dato legg vi ned 3.500 dugnadstimar, men dette er ikkje noko vi kan ta for gitt. Mi oppgåve er å motivere alle til å stille på dugnad og kva du får att med å være med på denne store fellesdugnaden som skal halde liv i våre 450 medlemmar og 25 lag. Det gir mykje sosialt att for å være med.

I pinsen er dei fleste her oppe på Vikahaugane. «Sjukestova» vår er betre skodd enn legevakten, ler Bjarte Epland.

Vi har leger og helsepersonell tette på turneringa, og vi har fokus på beredskap både med politi og brannvesen. Alle skal føle seg trygge på vår festival.

No gler vi oss til å ta fatt på ein ny turnering i pinsen, seier Bjarte Epland som saman med faren Øyvind skal setje opp mål og halde orden på det tekniske og at alt er på stell på over 20 banar.






## Bjarte Epland

**Født:** 8. mai 1984, Stord
**Familie:** Gift, tre sønner
**Yrke:** Dagleg leiar Stord Handball. 202 A-kampar og 266 mål
**Aktuell:** Leiar for Rema 1000 Handballfestivalen i 2025

**Sju kjappe:**
1. Grillmat eller skaldyr? *Skaldyr*
2. Favoritt ferieland? *Kroatia*
3. Cola, Solo eller anna? *Pepsi Max*
4. På spelelista? *Lars Winnerbäck, Jason Isabell og Ryan Adams*
5. Ser på? *Nordisk krim*
6. Favorittlag i PL? *Liverpool*




# Lytt til erfarne kjentfolk

Sunnhordlands ledende eiendomsmegler finner du i gågata midt i Leirvik sentrum. Vi er det største meglerforetaket i Sunnhordland, og har solgt boliger siden 1998. Med meglere med lokalkunnskap er du sikret en trygg bolighandel både som kjøper og selger.

**Kontakt oss gjerne for en hyggelig boligprat.**

Ove Sagenes, tlf.: 928 06 333
Ørjan Stokka, tlf.: 917 88 408
Gudny Eldøy Kydland, tlf.: 991 59 644
Ola Nesse, tlf.: 450 07 766

Eiendomsmegler Vest

Velkommen innom oss i banken ved torget på Leirvik

Kom innom kontorene våre

Ring oss 915 05560

Kontakt oss på emvest.no



# KAPTEIN OG «FORSVARSSJEF» KLAR FOR FORSVARET




## Fabian Nakken Nicolaisen

**Født:** 19. februar 2005, Stord
**Familie:** Storesyster
**Yrke:** Russ på idrettslinja Stord VGS.
**Aktuell:** Kaptein, årets forsvarspelar og russepresident. 42 A-kampar og 73 mål

**Sju kjappe:**
1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Ferieparadis? *Italia*
3. Soft- eller saftis? *Softis*
4. Cola, Solo eller anna? *Fanta Exotic*
5. Spelelista mi på Spotify:
*«For evigt» (Volbeat)*
*«Gutta som styrer» (awO)*
*«Jimmy Cooks» (Drake/21 Savage)*
6. Ser på? *Grey's Anatomy*
7. Favorittlag i Premier League: *Liverpool*






**19-åringen Fabian Nakken Nicolaisen er verken størst eller eldst på herrelaget til Stord. Men har kledd rolla som kaptein og forsvarssjef då herrelaget lukta på opprykk til 2. divisjon denne sesongen**

TEKST OG FOTO: RUNAR ØVREBØ

Ikkje nok med det. Han sikra seg og tittelen som årets forsvarspelar i 3. divisjon i Region Vest. Her overtok han tittelen etter lagkameraten Nils Kristian Blom.

Men den energiske 19-åringen lar seg ikkje stoppe med det. Han er og kaptein på juniorlaget til Trott i fotball, og er den sjølvsagte russepresidenten som er klar for russefeiring og treff i Kongeparken.

– Eg har aldri vore redd for å få og ta ansvar. Det kan aldri bli for mykje vatn over hovudet, kjem kjapt for den energiske 19 åringen.

Etter tre sesongar med herrelaget og tre år på idrettslinja set han kursen mot nord.

Her venter fyrstegongsteneste i sanitetstroppen på Sætermoen i indre Troms.

Militæret har gått i arv i vår familie der både pappa og bestefar har gjort sin plikt for landet.

Mange vel eit fri år eller folkehøgskule, men for meg handlar det om å bli sjølvstendig og ta utfordringane som kjem.

– Eg har planen klar for å studere medisin og bli lege ein gang i framtida, seier Fabian. Russepresidenten er ikkje berre energisk i handball og fotballkampane. Flittig og pliktoppfyllande i skulearbeidet sitt. Det har gitt god utteljing i karakterboka.

**Heidra på banketten**

På avslutningsbanketten for Region Vest i Bergen like etter påske, blei den unge Stord-kaptein hylla som årets forsvarspelarar i 3. divisjon.

I fjor sat eg på same banketten og såg Nils Kristian Blom stikke av med prisen.

– Eg sa det til Nisse den prisen skal eg ta frå deg neste sesong. Då sa han til meg: Du må berre køyre på. Dermed gjekk draumen i oppfylling seier ein stolt Fabian Nakken Nicolaysen.

Kva er oppskrifta til å bli ein god forsvarspelar.

– Det handlar mykje om innsats og «timing» og ut å støte og forstyrre skyttarane. Eg kan ikkje ta dei på fysikken med høgda mi, men det handlar mykje om å ville meir enn motstandaren, røper den unge kaptein og forsvarssjefen

Korleis er det å være kaptein for spelarar på laget som Jonas Sjölin, Nils Kristian Blom og Ingemar Olsson med over 700 A-kampar i bagasjen?

– Ingen problem. Dei har støtta meg heile vegen og latt meg ta ansvar og gjort det på min måte, skryt Fabian.

**Gitt og tatt ansvar**

Stord-trenar Sigurd Sævareid såg tidleg at Fabian hadde potensiale i seg. Etter debuten i sesongen 2021/22, som enda med 17 A-kampar og 11 mål, har arbeidsoppgåvene auka.

På eit spelarmøte etter sesongslutt i fjor der herrelaget så vidt berga plassen i 3. divisjon fekk Fabian spørsmålet kva han tenkte om å bli kaptein.

– Ja, den oppgåva tar eg kom det kontant frå Fabian. Og slik blei det. Attesten frå sjefen var følgjande: Pliktoppfyllande, positiv, danna og med gode manerar. Dei rette kvalifikasjonane til å bære kapteinsbindet for Stord i alder av 18 år.

Fabian er ikkje i tvil om at trenaren Sigurd Sævareid har mykje av æra for hans framgang utvikling både som spelar og menneske i ein ung alder.

– Kort sagt. Sigurd er ordentleg og rettferdig. Punktleg på ein god måte. Sigurd er heile tida opptatt av detaljar for at resultatet skal bli bra. Eg kjem til å sakna Sigurd og laget. I nord blir det neppe handball på Sætermoen i indre Troms. Få berre halde meg i best mogeleg form. Så vil tida vise kva klubb som for nyte godt av kvalitetane til Fabian på handballbanen.

**Klar for Kongeparken**

Første helga i mai blir det russetreff i Kongeparken. Noko som Fabian gler seg til. Det er høgdepunktet under russefeiringa.

– Det blir ein vanvitig samankomst for heile Vestlandet med kule konsertar og sosial samling, seier Fabian som veit å ta ansvar som russepresident.

– Vi kan alltid ta att ein fest, men aldri ein eksamen.

Like før jul blei han stemt fram som årets russepresident på Stord.

Måtte gjennom nokre testar som grip mikrofonen og nokre henteleikar. Det er ei spennande tid å være sjef for russen.

Russepresidenten er klar i oppgåva si med beina godt planta på bakken.

– Vi må følgje reglar og ikkje oppføre oss som ville og lovlause, seier Fabian som skryt over årets russekull.

På russekortet til Fabian står det: «Sjukare enn alle andre festar livet er langt nok, kast bort litt av og til»

Under opninga av festivalen på laurdag vil du sjå Russepresidenten i fri dressur på scenen og ikkje på handballbanen.

# Stadig fleire les oss – prøv oss du og!

**7.437 i opplag**
auke med 405 siste året



## Dette får du som abonnent:

- ☑ **Full tilgang til sunnhordland.no**
  Oppdaterte nyhende alle dagar
- ☑ **GRATIS app**
  Som varslar deg når noko skjer
- ☑ **Papiravis tysdag og fredag**
- ☑ **eAvis: papiravisa på nett**
  Du finn den på eavis.sunnhordland.no eller i appen
- ☑ **Avisarkiv**
  Søk og les i papirutgåver (eAvis) tilbake til 1902
- ☑ **Eigedomsoverdragingar**
  Søk og sjå kva bustadar vert selt for i ditt område
- ☑ **Ung og aktiv**
  Send inn eller les om unge som driv med kultur, sport eller friluftsliv
- ☑ **Lokalfotball robot**
- ☑ **Dødsannonsar**
  Søkbare dødsannonsar på sunnhordland.no

**Prøvetilbod**

Sunnhordland



1. Skalldyr
2. Italia/Sør Afrika
3. Saftis
4. Vann med kullsyre
5. Emma Steinbakken
6. Notting Hill
7. Tottenham

# SUNN MAT GIR GODE PRESTASJONAR

## Ingvill Måkestad Bovim

**Født:** 7. august 1981, Odda
Friidrettsutøvar/mellomdistanseløpar
**Tilsett av** Rema 1000: Ernæringsfysiolog
**Gift med:** Tidlegare OL-seglar Frode Bovim
NM gull på 800 og 1500, totalt 8 stk.
Norsk rekord på 800 meter: 1.59,82
Årets kvinnelege utøvar i 2010 av stiftinga Friidrettens venner.

**Ingvill Måkestad Bovim har prestert på nasjonalt og europisk toppnivå på mellomdistanse i over ein ti årsperiode i friidrett.**

TEKST: RUNAR ØVREBØ

No brukar ho si lange røynsle som toppidrettsutøvar til å presentere sunne og smarte «retter» for å kunne nå måla både på idrettsbanen og elles i samfunnet.

No er piggskoa lagt på hylla og jakta på nye rekordar er bytta ut med profilering av sunn og variert mat.

– Eg er prosjektleiar for helse og ernæring i Rema 1000. Her jobbar vi med å betre helsa til 2 millionar menneske innan 2030.

**Antidoping Norge**

Er du framleis knyta opp mot toppidrett som trenar eller har andre arbeidsoppgåver?

Ja , det er eg. Sit som styremedlem i Antidoping Norge. Det er veldig verdifullt for meg å jobbe for ein sunn idrett og konkurransar på likt grunnlag. Rettferd har alltid vært veldig viktig for meg.

Den tidlegare Korlevoll-løparen med familie i Odda har og kome ut med fleire bøker som tar opp dette tema.

Ja, det stemmer. Det har blitt tre. Den siste boka "Matprepp" hjelper deg å planlegge gode måltider og sparer deg for tid og pengar.

**Tolmod**

Kva råd vil du gje til ein ung utøvar frå 14 år og oppover i overgangen frå junior til senior?

Tolmod. Viktig at utøvarar og trenarar ikkje har det travelt  med å bli gode. Det tar mange år å nå sitt potensiale, og det er viktig å ikkje drive rovdrift av den når utøvaren er i vekst og utvikling.

Kor mykje betyr kosthald for gode prestasjonar?

Kosthald saman med god nok kvile og søvn er kjempeviktig for å klare å restituere seg. Altså hente seg inn igjen og bli klar for neste treningsøkt.

Kva bør trenaren tenkje på og kor mykje skal dei blande seg inn i «menyen»

– Kanskje skal dei droppe dette?

Kva legg du i begrepet sunn og smart sportsmat?

Kort og greitt variasjon og vanleg god mat er supert. Du treng ikkje dyre kosttilskot

Kva legg du i Matprepp. Du et sunnare, du sparer tid og pengar, du et rett mengde, du stresse mindre og du redusere oppvasken.

Kva bør ein ungdom få i seg av mat i løpet av ein normal dag?

Her bør dei ete variert og passe på å auke matmengda når treningsbelastninga aukar. Jo meir variert ein et, jo større sjanse for at ein får i seg alt ein treng.

Kva med brus og søtsaker, er det bannlyst?

Nei, det fullt mogeleg å kose seg med godteri ein gang i blant. Er berre fint å ha forskjell på kvardag og helg, og så må vi ta tilbake at helga er to dagar i veka, seier Ingvill Måkestad Bovim kjem til Rema 1000 Handballfestivalen saman  med «Team Rema 1000» for å vise sunn mat i praksis. Gjennom den gedigne «Food-trucken» som blir å finna på Vikahaugane.

Ingvill skal og halde foredrag og være med på opningsseremonien

SKL

www.skl.as




**Grov Grasklypp** held til på Stord.

Me utfører alt innan vaktmeistertenester, til dømes rydding og vedlikehald, hagearbeid, avfallshandtering, brannvernkontrollar, tilsyn av bygningar og tilhengerutleige.

Grov Grasklypp

Tlf: 934 49 864 | grov.gras@gmail.com




**Livreddere i over 130 år - takket være våre støttespillere!**
Helt fra den første redningsskøyta ble sjøsatt og frem til i dag, har synet av skøytene våre vært ensbetydende med følelsen av trygghet og håp langs verdens nest lengste kyst. Slik har vi lyst til at det skal forsette å være. Vår tilstedeværelse har resultert i at mer enn 6.400 liv har blitt reddet. Det er et snitt på **ett reddet liv i uka** siden stiftelsen i 1891. I fjor hadde vi over 10.000 oppdrag hvor vi hjalp til med både stort og smått - nesten halvparten av disse var medlemsoppdrag. Med din støtte kan vi fortsette vårt livsviktige arbeid, og fortsatt være her for dem som er i havsnød. **Sammen redder vi liv.**

**Bli Fast Giver** i dag og send kodeordet REDD LIV til 2366 (kr. 200,- pr. mnd)
Du kan også bli fast giver ved å kontakte oss på post@rs.no eller telefon 987 06 757

**Bli Totalmedlem** i dag ved å sende kodeordet TOTAL til 2366 (kr. 1295,-)
Som Totalmedlem hos Redningsselskapet får du inntil tre timer fri assistanse, fire ganger i året.

Redningsselskapet er en frivillig humanitær medlemsorganisasjon.

RS Redningsselskapet

# Klar til å avleggja eiden!

Håvard Tvedten leste den først i 1989. Sidan har det blitt ein flott og ærefull tradisjon. Årets framførarar er Thea Mikkelson Sasso og Jakob Kinne Alvsåker




## *Handball-eiden*

*Som representant for spelarane,*
*lovar eg under Handballfestivalen:*
*Å spela så godt eg kan*
*Å oppmuntra medspelarane mine*
*Å visa respekt for dommaren*
*Å retta meg etter leiarane*
*Å ta avstand frå alle former for doping*
*Å kjempa med fair play*

*Eg lovar:*
*Å tola å tapa*
*Å tola å vinna*



### Thea Mikkelson Sasso

**Født:** 29. september 2013
**Går i:** 5. klasse på Leirvik skule
**Spelar på:** Stord J10
**Trenarar:** Gaute Epland, Olav Sande og Ann Sirén Haugstad

**Sju kjappe:**
1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Favoritt ferieland: *Italia*
3. Saft eller softis: *Softis*
4. Favorittdrikka: *Vatn*
5. Lytter på: *Taylor Swift*
6. Ser på: *Marvel*
7. Favorittlag i Premier League: *Liker best italiensk og Roma*

### Jakob Kinne Alvsåker

**Født:** 6. juni 2013
**Går i:** 5. klasse på Hystad skule
**Spelar på:** Stord G10
**Trenarar:** Marie Engelsen Landro, Julianne Sellgren og Anita Moen Hakestad

**Sju kjappe:**
1. Grillmat eller skaldyr? *Grillmat*
2. Favoritt ferieland: *Italia*
3. Saft eller softis? *Softis*
4. Favorittdrikka: *Vatn*
5. Lyttar på: *Eminem*
6. Ser på: *Ratatouille*
7. Favorittlag i Premier League: *Liverpool*






Nora er ikke alene. Titusenvis av barn i Norge lever i utrygge hjem preget av vold, overgrep og omsorgssvikt. **Felles for disse barna er at de mangler trygghet.**

**Som Barnerettsfadder gir du 250 kroner i måneden for en barndom uten vold og overgrep. Tusen takk for at du bidrar!**

Stine Sofies Stiftelse

Støttet av Sparebankstiftelsen DNB Foto: Shutterstock




# Vert ein av desse journalist?

Ja, kven veit? Lat dei få prøve seg! Halvparten av ni- og tiåringane i Noreg er på sosiale medium. Mediekompasset/MBL og TV2 Skole har utvikla ein omfattande digital læringsressurs for 3.–5. klasse, med køyrereglar for samtalar i det offentlege og digitale rom. Undervisningsopplegget tek utgangspunkt i Ver varsam-plakaten til pressa, og elevane får sjølve trena på å vera journalistar.

Gå inn på **medielabben.no/juniorjournalisten**

MEDIEKOMPASSET




# Ein stor takk til våre samarbeidspartnarar!

AkerSolutions
Bakeriet Fugård
REMA 1000 VABAKKJEN
SKL
SparebankenVest
WÄRTSILÄ
ORIS DENTAL
VENTOR
NorEngros
proled
HAUGALAND KRAFT *Di eiga kraft*
Grov Grasklypp
Peppes Pizza
sport 1 www.sport1.no
ABO PLAN & ARKITEKTUR
BREEZE Ship Design
RAGN SELLS
hummel

Av og til
aw0
Fylkesnes Bil
Heiane Bil
Hennig Olsen Is
IPX
Sagvåg Musikklag
Montér
NHF Region Vest
O. Hansen & Sønner AS
Raititoern
Ringnes
Skag Profilera
Spinae Company
Stord Bordtennisklubb
Stord Folkehøgskule
Stord Fotball
Stord IL
- Skeisegruppa
- Symjegruppa
- Turngruppa
Stord kommune
Stord Tennisklubb
Thorsengruppen
Tide
Tine
Urt & Ugras
Vestland Fylkeskommune
Vest Lydservice
Vestland Media
Læringsverkstedet Sæ barnehage
Sagvåg FUS barnehage
Vilvettene barnehage
Zpirit

**Rema 1000 Handballfestivalen ønskjer også å retta STOR TAKK til alle deltakarar, dommarar, foresette og frivillige som er med på å lage dette til vårens vakraste eventyr!**